

Vestnesbøndene aksjonerte



Vestnesbonder samla til aksjon med kaffikos og pølsegrilling. Bak frå venstre Ole Thomas Sæther, Anette Øveraaas, Jessica Kuipers, Torhill Sellereite, Søren Johan Øveraaas, Erlend Sellereite og Jørn Sætre. Framme frå venstre Wietze Kuipers, Helge Hoem, Kristian Bergheim og Anders Skavnes.

- Landbruks- og matminister John Georg Dahle er liberalist, og vi likar ikkje den liberalistiske politikken, seier bondelagsleiar Anders Skavnes i Vestnes.

Tirsdag ettermiddag aksjonerte bøndene i Vestnes med å tenne

bål på Katholmen. Mellom 40 og 50 bønder var der, både unge og veteranar i næringa. Også den framtidige generasjonen av bønder var godt representerte. Det vart kokt bålkaffi og grilla pøsler, og stemninga var god. Med ein heil palle ved var ein sikra å halde liv i bålet i fleire timer om ein ville.

- Det handlar om å få vise oss

fram og formidla bodskapen vår. Heile kommunen er representert, og vi er godt fornøgde med oppslutninga.

Ministeren er nok ein dyktig politikar, men dei aller fleste i bondelaget er usamde i politikken som blir drive. Vi er klart i mot liberaliseringa det blir lagt opp til, seier Skavnes som sjølv driv med mjølkeproduksjon.

Nokre fakta om landbruket i Vestnes

- 101 årsverk knytt direkte til landbruksproduksjon.
- 97 gardsbruk i drift i 2015.
- gjennomsnittleg 186 dekar dyrkamark på kvart bruk.
- 800 mjølkekyr.
- 5,7 millionar liter mjølk frå 24 mjølkebruk.
- 1.800 ammekyr/anna storfe.
- 5.300 sau og lam.
- 203.000 kilo storfekjøt.
- 44.000 kilo sauekjøt.
- 230.000 kilo svinekjøt.
- Kjøtproduksjonen tilsvrar årsforbruket til 7.500 personar.
- Matproduksjon og råvarer frå jordbruket i Vestnes har ei årleg salsomsetning på 98 mill. kroner.



Her finn vi kanskje framtidige bønder i Vestnes. Frå venstre Leo Ringsby, Lotte Kuipers, Thomas Ringsby, Thor Ole Ringsby, David Ringsby, Suzanne Misund og Tobias Ringsby.

+